



DEN NORSKE KYRKJA
Lom kyrkjelege råd
Kyrkjeverja

Lom 23.06. 2017

Lom kyrkjelege råd har i sak 13/17 handsama sak om valreglar og kom fram til dette vedtaket:

Vedtak:

Høyringa som er utsendt finn vi å vere noko uoversiktleg. Vi har vald å gjeva høyringa vår punktvis i den rekkefølgja vi oppfattar at momenta kjem i undervegs i høyringa.

● **Direkteval eller kombinasjonsval**

Det bør vera like fristar for innlevering av listeforslag.

Det bør vera ope invitasjon til ulike grupper om å levere listeforslag, og på den måten stimulere til eit ope og levande kyrkjedemokrati.

Dei som er vald inn i sokneråd bør ha høve til å velje representantar til Bispedømmerådet. Ønsker kombinasjonsval.

● **Tilskottsordning for finansiering av nomineringsgrupper m.m**

Alternativ 1 – der alle nominasjonsgrupper får støtte på lik line.

● **Personstemmer og stryking:**

Det er ikkje høve til å stryke kandidatar. Talet på tilleggsstemmer er avgrensa til tre.

● **Personvalreglar internt på listene**

Reglane ved kyrkjeval bør vera mest mogleg lik reglane ved andre val, og det bør derfor innførast ei sperregrense ved val til BDR/KM.

● **Stemmetillegg**

Vi ynskjer at det skal vere høve til gjeva kandidatar stemmetillegg.

● **Valkretsar**

Vidareføre dagens valkrinsar.

● **Stemmegeving avgrensa til eige sokn på valdagen**

I utgangspunktet bør det vera mogleg å stemme i alle sokn innanfor kommunen på valdagen.

Der det, p.g.a. store avstandar, eller mange sokn, er vanskeleg å gjennomføre dette, kan det søkjast dispensasjon frå denne regelen.

● **Manntal**

30. juni som skjeringsdato bør innførast og ved kyrkjeval, slik at det blir samsvar med andre val.

Det er ikkje nødvendig med eigen manntal for prestar og lek kyrkjeleg tilsette, men manntalet må vera oppdatert med kven som har eit tenesteforhold i Dnk.

● **Registrering av nomineringsgrupper**

Det er greitt med eit likelydande namn for nominasjonskomiteen si list (men det kan kanskje gå an å finne eit betre namneforslag enn «Felleslisten»?)

Postboks 177
N-2688 Lom
Norge

Midtgard

Organisasjonsnr 97 69 88 817

Telefon 48 16 55 27

kyrkjeverje@lom.kommune.no

- **Tal på kandidatar på eit listeforslag**

Talet på kandidatar skal vera minimum 7 og maksimum 18 på alle lister.

Blir det lagt fram berre ei liste, må den innehalde minimum 18 namn.

- **Trykking av stemmesetlar**

MR skal ha ansvar for trykking av stemmesetlar til MR-val, og BDR skal ha ansvar for trykking av stemmesetlar til BDR-val.

- **Førehandsrøysting**

Når det gjeld moglegheit for førehandsrøysting, må valstyret sjølv få avgjera kva som er mogleg å gjennomføre i kvart enkelt sokn.


- **Prosedyre for oppteljing**

Lokalt valstyre reknar kor mange stemmer kvar liste har motteke til val av BDR/KM, og rapporterer dette innan kl. 12 dagen etter valdagen.

- **Konsekvensar for kjønn og likestilling**

Vidareføring av dagens reglar.

Med helsing for Lom kyrkjelege råd


Borghild Skarelven
kyrkjeverje